

VEDTEKTER FOR NÆRINGSPRISEN FRÅ VESTNES KOMMUNE

1.NAMN

Namnet på prisen er "Næringsprisen frå Vestnes kommune."

2.FØREMÅL

Føremålet med prisen er å fokusere på næringsutvikling og kunne gje ros til bedrifter og einskildpersonar som etablerer, utviklar og trygger arbeidsplassar og aktivitet innan industri, handel, landbruk, reiseliv og anna næringsverksemd i Vestnes kommune. I tillegg skal prisen stimulere til nyskaping og innsats innanfor næringsutvikling som er i samsvar med eitt eller fleire av FN sine berekraftsmål.

3.ORGANISERING

Vedtak som gjeld næringsprisen og næringsprisutdelinga er delegert til Vestnes formannskap.

4.STORLEIK

Prisen blir fastsett av kommunestyret og består pr. dato av eit næringsprisdiplo og ein statuett.

5.KVEN SOM KAN FÅ PRISEN

Næringsprisen kan gjevast til bedrifter og einskildpersonar eller grupperingar av personar/bedrifter som har vist særleg evne og vilje til å etablere og/eller trygge arbeidsplassar og aktivitet i Vestnes kommune. Det skal ved tildelinga leggast vekt på kriterium som evne til innovasjon/nyskaping, omstillingsevne og utvikling av kompetansearbeidsplassar.

6.KVEN SOM IKKJE KAN FÅ PRISEN

Næringsprisen kan ikkje gjevast til offentlege institusjonar eller organisasjonar som i hovudsak finansierer arbeidet sitt med offentlege midlar. Næringsprisen kan heller ikkje tildelast personar som er engasjert av det offentlege for å drive med næringsarbeid.

7.KUNNGJERING

Vestnes kommune syter for å gjere prisutdelinga kjent og fastset frist for kandidatforslag. Fristen skal kunngjerast i lokalpressa, på kommunen si heimeside og i sosiale medium som kommunen nyttar.

8.FORSLAG PÅ KANDIDATAR

Forslag på kandidatar kan fremjast av einskildpersonar eller lag og foreiningar. I tilfelle der det er nære familiære relasjonar mellom forslagsstillar og kandidat, vil formannskapet ta dette med i si vurdering ved eventuell tildeling.

Formannskapet kan også sjølv foreslå kandidatar til prisen.

Framlegget skal vere skriftleg og med ei rimeleg grunngjeving. Berre kandidatforslag som kjem fram i utlysingsåret blir behandla. Evt. tidligare kandidatforslag som ikkje nådde opp, må fremjast på nytt. Kommunen skal ikkje offentleggjere kandidatar som ikkje nådde opp.

9.VEDTAK I VESTNES FORMANNSKAP

Vestnes formannskap gjer årleg vedtak om næringsprisen skal utdelast, og kven som skal få prisen. I tilfelle prisdeling skal det avgjerast kor stor del kvar kandidat skal få. Prismottakar må ha eit fleirtal av røystene bak seg ev. ved omval mellom dei som har fått mest stemmer. Avrøystinga mellom kandidatane skal ikkje offentleggjerast. Det skal ikkje knytast særlege vilkår til korleis mottakaren skal nytte prisen.

10.GRUNNGJEVING

Vestnes formannskap skal grunngje vedtaket om tildeling av næringsprisen og offentleggjere årets prismottakar og tilhøyrande forslagstillar(ar.)